



Link Arkitektur AS  
Postboks 383 Sentrum  
0102 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14757 - 20/72373

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no

Dato:  
13.11.2020

Avvist søknad om Einebustad med garasje og driftsbygning - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

**Administrativt vedtak.**

**Saknr: 1230/20**

**Tiltakshavar:**

Judith Eikevik

**Ansvarleg søkjar:**

Link Arkitektur AS

**Søknadstype:**

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om einebustad, garasje med eigen bueining, landbruksbygg, terrengendring, riving av eksisterande bustad og landbruksbygg avvist.**

**Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.**

**Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

#### **Tiltak**

Det vert vist til søknad motteken 27.08.2020.

Saka gjeld søknad om rammeløyve for våningshus, garasje med eigen bueining (kårhus), landbruksbygg, terrengendring, riving av eksisterande bustad og landbruksbygg.

#### **Planstatus**

Eigedommen er avsett til LNF-føremål i «Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden» og «Kommuneplan Lindås kommune».

#### **VURDERING:**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det er i søknaden vist til at det ikkje er naudsynt med dispensasjon frå LNF-føremålet sida tiltaket har tilknytning til stadbunden næring. Historikken i saka syner at ved innsending av søknad første gang i 18.04.2016 vart det med ein søknad om dispensasjon utarbeidet av Advokatfirmaet Harris datert 18.04.2016. Vi legg til grunn at resten av saken er kjent. Det kjem fram i Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak datert 18.01.2018 fylgjande;

*«Eigedomen er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, og er avsett til arealformålet LNF. I området er det i utgangspunktet ikkje tillate å føre opp bygg som ikkje er naudsynt i samband med stadbunden næring.»*

*Lindås kommune har vurdert at eigedomen si storleik og drift tilseier at det ikkje er trong for våningshus eller andre bygg på eigedomen, då ressursgrunnlaget synes å vere relativt lite. Kommunen meiner difor at det er behov for dispensasjon frå LNF-føremålet. Fylkesmannen sluter seg til denne vurderinga».*

Kommunen sin vurdering, sjølv i lys av «Garden som ressurs» datert 22.09.2017, er at tiltaket fortsett treng dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan. Kommunen opprettheld si vurdering av at tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande arealføremål. Uavhengig ville også ein søknad om oppføring av kårustad krev søknad om dispensasjon frå gjeldande kommunedelplan.

- Det kjem i søknaden fram at «vedlagte planlagt utviding kryss med koordinatliste blir oversendt Statens Vegvesen for ny uttale». Kommunen gjer merksam på at i det tilfelle tiltaket er i tråd med gjeldande arealføremål, er i utgangspunktet ikkje Vestland fylkeskommune høyringspart. Løyve til utvida bruk / løyve til avkøyrsløse frå Vestland fylkeskommune må i dei tilfella liggja ved søknaden om rammeløyve. I dette tilfellet blir ein eventuell dispensasjonssøknad sendt på høyring til Vestland fylkeskommune.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

#### **Regelverk**

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.  
Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Judith Eikevik  
Link Arkitektur AS

Kollåsen 54      5116  
Postboks 383      0102  
Sentrum

ULSET  
OSLO